



Dette er eit orienteringsskriv om val sendt ut til husstandar i Gulen kommune. Gå inn på [www.valg.no](http://www.valg.no) eller kommunen si heimeside [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) for ytterlegare informasjon.

For more information about the election in other languages, see [www.valg.no](http://www.valg.no), choose Brosjyre and select your preferred language.

## Informasjon vedkomande kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

Ved komande val vert det valt representantar til kommunestyret og fylkestinget for perioden 2015-2019.

**Kommunestyret** er det høgaste organet i kommunen. Her blir det mellom anna teke avgjerder i lokale saker som barnehagar, barnevern, plan- og arealspørsmål, grunnskule, helse- og omsorgs-tenester, kulturtiltak og renovasjon.

**Fylkestinget** er det høgaste organet i fylkeskommunen. Fylkestinget tek avgjerder om mellom anna vidaregåande opplæring, fylkesvegar med tilhøyrande ferjestrekningar, lokal kollektiv-transport og kulturtiltak.

Det er dei lokale sakene som påverkar kvardagen din mest. Når du røyster, er du med og bestemmer kven som skal representere deg og dine interesser i kommunestyret og fylkestinget. Gulen kommune oppmodar deg til å bruke røysteretten din!

**Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 er  
måndag 14. september**

## Legitimasjon og valkort

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røySTEMOTTAKAREN, skal legitimere seg. Det er ikkje nok å oppgi namn og fødselsdato. Legitimasjonen kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan også bruke annan legitimasjon. Legitimasjonen må innehalde namnet på veljaren, fødselsdato og bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon, som til dømes sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å bekrefte identiteten din.

Alle som har rett til å røyste skal få tilsendt **valkort**. Kortet bør takast med når du skal røyste då dette lettjar arbeidet for valfunksjonærane, samstundes som det vil gå raskare for deg å røyste.

Det er venta at valkorta vert sendt ut i slutten av juli.

## Røysterett – Kven kan røyste?

### Desse har røysterett:

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2015, og som nokon gong har vore registrerte som busette i Noreg
- Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 18 år innan utgangen av 2015, dersom dei blei registrerte som busette i folkeregisteret i Noreg seinast 30. juni i 2015 og framleis bur i landet på valdagen
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2015, dersom dei har stått innført som busette i folkeregisteret i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen

Alle som skal røyste, må vere innførte i manntalet. Manntalet er oversikta over dei som har røysterett i kommunen. Du står i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett 30. juni 2015 i folkeregisteret. Har du flytta, er det framleis adressa per 30. juni som avgjer kva for ein kommune du har røysterett i.

Manntalet for Gulen kommune vert lagt ut til ettersyn frå og med juli ved ekspedisjonsavdelinga i kommunehuset. Du kan elles kontakte ekspedisjonen på tlf 57 78 20 00 dersom du er usikker på om du står oppført i manntalet.

### Tidlegrøysting

I perioden 1. juli til 9. august er det høve til å tidlegrøyste. Dette kan vere aktuelt t.d. om ein skal på eit langt opphald til utlandet før førehandsrøystinga startar. Tidlegrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 09.00 og 15.00

Slik fungerer ordninga:

- Du lyt kontakte kommunen på førehand for å avtale tidspunkt for tidlegrøystinga. Ta kontakt anten per telefon 57 78 20 00 eller e-post til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)
- Tidleg i perioden kan det vere at røystegjevar må nytte en røystesetel som kun har påført dei registrerte partia sine namn og utan kandidatnamn. Røystegjevaren må då krysse av for eller skrive på kva for parti/gruppe han vil røyste på. Så snart dei lokale røystesetlane er klare, vil dei verte nytta ved røystegjevinga
- Det er ikkje eit krav om valkort til tidlegrøystinga, men hugs å ta med deg legitimasjon

### Førehandsrøysting

I perioden 10. august til 11. september er det ordinær førehandsrøysting. Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 09.00 og 15.00.

### Langdag ved kommunehuset

Torsdag 10. september vert det halde **langopent til kl 18.00 ved kommunehuset**. Det vil då vere høve til å førehandsrøyste utover normal arbeidstid.

**Hugs at du har høve til å gi di førehandsrøyst i alle kommunar!**

## Institusjonsrøysting

I tillegg til ordinær førehandsrøysting på kommunehuset vert det førehandsrøysting **for alle interesserte** på sjukeheimen samt bu- og omsorgssentra desse datoane:

Stad	Dato	Tid
Gulen sjukeheim	fredag 4. september	kl 11.00 – 13.00
Eivindvik bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00
Byrknes bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00
Dalsøyra bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00
Brekke bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00

## Heimerøysting

Dersom du ikkje kan komme til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til.

Ved heimerøysting kjem to valmedarbeidarar frå kommunen heim til veljar som ikkje har høve til å komme seg til eit røystelokale. Valmedarbeidarane har med eit "minirøystelokale" med røystesetlar, valurne og alt anna som trengs. Dei som røyster heime må hugse å ha legitimasjon tilgjengeleg.

Frist for søknad om heimerøysting vert kunngjort ved eit seinare høve i Infoposten og på Gulen kommune si heimeside.

## Røysting på valdagen 14. september 2015

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane.

På valdagen den 14. september skal du røyste i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busett 30. juni 2015. I tillegg bør du røyste ved den valkrinsen som er oppført på valkortet ditt.

Her er eit oversyn over valkrinsane i Gulen ved kommunestyre og fylkestingsvalet 2015:

Krins	Røystestad
Brekke	Risnehall samfunnshus
Byrknes	Byrknes skule
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus
Eivindvik	Administrasjonsbygget/kommunehuset

## Meir informasjon om valet

Meir informasjon om kommunestyre- og fylkestingsvalet finn du ved å gå inn på [www.valg.no](http://www.valg.no) eller [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

## Valoppgjjer og kandidatføring ved kommunestyreval

Etter at oppteljing av røystene er gjort, vil ein få oversikt over antal kommunestyre-representantar kvart parti får. Dette antalet vert berekna ut ifrå tal stemmer gitt til kvart enkelt parti.

Deretter vert plassane til partiet fordelte mellom kandidatane på vallista. Denne kandidatføringa skjer på grunnlag av det personlege røystetalet kandidatane har fått. Det personlege røystetalet kjem fram på denne måten:

Kandidatar som står med utheva skrift, øvst på røystesetelen, får eit tillegg i sitt personlege røystetal. Tillegget inneber eit påslag i personrøyster som svarer til 25 prosent av det talet på veljarar som har røysta på lista. Har eit parti fått 100 røyster, skal kandidatar med utheva skrift få 25 personrøyster. Partiet/gruppa som står bak listeframlegget, kan gje røystetillegg til eit avgrensa tal kandidatar for å ha eit visst høve til å påverke kven som blir vald.

Etter å ha rekna ut røystetillegget legg ein til dei personrøystene veljarane har gjeve til kandidatane.

Kandidatane blir kåra i rekkjefølgje etter kven som har det høgaste personlege røystetalet.

### Vallister

Valstyret handsama den 13. mai 2015 vallistene for kommunestyrevalet 2015, og godkjente vallistene for til saman 6 parti.

Dei godkjende listene er som følger (alfabetisk):

### Arbeidarpartiet

1	ODD HARALD PER EIDE	Dingevegen 40	5966	Eivindvik
2	GERD INGUNN YNNESDAL	Ytre Oppedal 5	5961	Brekke
3	Merete Ånneland Misje	Nesevågen 58	5970	Byrknesøy
4	Jørgen Virkesdal	Virkesdalvegen 68	5960	Dalsøyra
5	Rebecka Randal	Byrknesvegen 1419	5977	Ånneland
6	Rune Håvåg	Eivindvikvegen 1135	5966	Eivindvik
7	May-Lynn Osland	Sandvegen 511	5977	Ånneland
8	June Glenjen Omdahl	Glenjevegen 223	5960	Dalsøyra
9	Nina Kolås Rutledal	Øvre Stølen	5966	Eivindvik
10	Line Birknes	Slåttevikvegen 30	5970	Byrknesøy
11	Trond Haveland	Haveland 42	5966	Eivindvik
12	Leif Bjarte Andersen	Gulafjordvegen 1529	5960	Dalsøyra
13	Arve Osland	Sandvegen 511	5977	Ånneland
14	Anders Indrebø	Øvre Stølen 87	5966	Eivindvik
15	Sølvi-Ann Oddekalv	Søre garden 21	5970	Byrknesøy
16	Åse Haugen	Haveland 23	5966	Eivindvik
17	Rune Virkesdal	Sognefjordvegen 980	5961	Brekke
18	Leiv Morten Nordgulen	Haveland 30	5966	Eivindvik
19	Ingunn Mjelde	Litle Leirvika 1	5978	Mjømna
20	Gro Sandnes	Haveland 30	5966	Eivindvik
21	Oddny Solrun Oddekalv	Hisarøyna 75	5966	Eivindvik

## Framstegspartiet

1	GJERT KNARVIK	Brandangervegen 591	5960	Dalsøyra
2	FINN JOHANSEN	Nedgardsvika 7	5970	Byrknesøy
3	DENNIS NERDAL	Halsvika 73	5960	Dalsøyra
4	Reidar Brosvik	Eivindvikvegen 2	5966	Eivindvik
5	René Brosvik	Eivindvikvegen 1	5966	Eivindvik
6	Kåre Johan Flolid	Eivindvikvegen 721	5966	Eivindvik
7	Reidar M Austgulen	Austgulvegen 935	5960	Dalsøyra

## Høgre

1	IVAR EIDE	Gulafjordvegen 637	5960	Dalsøyra
2	STEIN-INGE LARSEN	Nesevågen 45	5970	Byrknesøy
3	Bjørn Brekke	Sognefjordvegen 583	5961	Brekke
4	Anne-Mette Dahl Andreassen	Nordre Sandøyra 344	5977	Ånneland
5	Trond Henriksen	Eivindvikvegen 1093	5966	Eivindvik
6	Anne Kristine Evjenth Ytreøy	Søre garden 29	5970	Byrknesøy
7	Jan Even Østerbø	Risnefjordvegen 265	5961	Brekke
8	Kristin Mjanger	Mjømna 180	5978	Mjømna
9	Astrid Uthaug	Nesevågen 88	5970	Byrknesøy
10	Leif Otto Halland	Lihaugen 26	5960	Dalsøyra
11	Oddgeir Willy Oppedal	Gulafjordvegen 567	5960	Dalsøyra
12	Marit Iren Austgulen Wick	Austgulvegen 977	5960	Dalsøyra
13	Even Breidvik Rambjørg	Gulafjordvegen 557	5960	Dalsøyra
14	Monica Bakkeli	Glosvikvegen 132	5960	Dalsøyra
15	Laila Indrebø	Kvernøyane 10	5970	Byrknesøy
16	Magne Oddvar Sætre	Sognefjordvegen 2513	5961	Brekke
17	Kristin Kvamme Rasch	Brandangervegen 254	5960	Dalsøyra
18	Sten-Ivar Unosen Birkeland	Dingevatnet 14	5966	Eivindvik
19	Elin Systad Lihaug	Dalsbygda 35	5960	Dalsøyra
20	Kjersti Anne Utvær Nordgulen	Haveland 36	5966	Eivindvik
21	Reidar Bøe	Furnes 9	5960	Dalsøyra
22	Bjørn Ove Bremnes	Nesevågen 13	5970	Byrknesøy
23	Monica Daae	Halsvikvegen 129	5960	Dalsøyra

## Kristeleg Folkeparti

1	Ingolf Wergeland	Svanholmvegen 29	5970	Byrknesøy
2	Bente Hauge	Sognefjordvegen 883	5961	Brekke
3	Elise Molde	Kyrkjeneset 3	5966	Eivindvik
4	Jan Henrik Leknes	Haveland 3	5966	Eivindvik
5	Marianne Oppedal	Indre Oppedal 15	5961	Brekke
6	Olga Grygoryeva	Kjelbjuvegen 46	5960	Dalsøyra
7	John Reidulf Vatnøy	Hille 4	5970	Byrknesøy
8	Astrid K Dyregrov	Gulafjordvegen 2294	5966	Eivindvik
9	Espen Selvik	Engesetvegen 2	5961	Brekke
10	Monica Skjelanger Reknes	Sognefjordvegen 1100	5961	Brekke
11	Halvor L. Brosvik	Dingevegen 293	5966	Eivindvik
12	Harald Haveland	Haveland 29	5966	Eivindvik
13	Malin Hjartholm	Sognefjordvegen 883	5961	Brekke
14	Anne Britt Molde	Øvre Stølen 63	5966	Eivindvik
15	Arnor Gullanger	Kjelbjuvegen 46	5960	Dalsøyra
16	Silje Nesbø	Husevatnet 16	5961	Brekke

## Senterpartiet

1	HALLVARD HALLSTEIN OPPEDAL	Ytre Oppedal 15	5961	Brekke
2	Lars Atle Larsen	Ånneland 145	5977	Ånneland
3	Arnhild Kjellevoid	Gulafjordvegen 1489	5960	Dalsøyra
4	Helga Irene Ellingsen	Sognefjordvegen 430	5961	Brekke
5	Jon Ivar Steine	Gulafjordvegen 419	5960	Dalsøyra
6	Kristin Margrete Byrknes	Nordre garden 36	5970	Byrknesøy
7	Johnny Leidvin Langvatn	Indre Oppedal 60	5961	Brekke
8	Lars Magnus Neverdal	Glenjevegen 398	5960	Dalsøyra
9	Rolf Daniel Midtun	Husebergbakken 111	4032	Stavanger
10	Møyfrid Steinsund Kvamme	Brandangervegen 258	5960	Dalsøyra
11	Bjørn Kåre Hjartholm	Ånnelandssjøen 18	5977	Ånneland
12	Beate Haugland	Yndesdalsvegen 2683	5961	Brekke
13	Nils Inge Ynesdal	Austgulen 10	5960	Dalsøyra
14	Malene Hamn Elnes	Henriksbø 90	5966	Eivindvik
15	Linda Oppedal	Indre Oppedal 21	5961	Brekke
16	Klaus Hope Hjartholm	Sognefjordvegen 1653	5961	Brekke
17	Erling Ingemund Nesse	Sandevegen 464	5977	Ånneland
18	Ingve Dyrøy		5961	Brekke
19	Solfrid Vatile Oppedal	Ytre Opepdal 15	5961	Brekke

## Venstre

1	Bjarte Undertun	Eivindvikvegen 959	5966	Eivindvik
2	Margrethe Thune Trædal	Hantveit 245	5960	Dalsøyra
3	Daniel Olai Kvernøy	Øvre Stølen 26	5966	Eivindvik
4	Herold Kråkenes		5970	Byrknesøy
5	Ingvild Høydal	Sognefjordvegen 860	5961	Brekke
6	Jarle Nordgulen	Tveitevegen 42	5966	Eivindvik
7	Linn Dyveke Wilberg	Mjømna 202	5978	Mjømna
8	Anne Hauge	Solstrandvegen 150	5960	Dalsøyra
9	Njål Hansen Wilberg	Mjømna 202	5978	Mjømna
10	Elise Leite Midtun	Øvre Stølen 9	5966	Eivindvik
11	Øystein Lihaug	Gulafjordvegen 1497	5960	Dalsøyra
12	Veslemøy Dingen	Eivindvikvegen 1303	5966	Eivindvik
13	Adam Owen	Sognefjordvegen 580	5961	Brekke
14	Ernesta Bogdanoviciene	Eivindvikvegen 1045	5966	Eivindvik
15	Hilde Kristin Sande	Sandevgegen 499	5977	Ånneland
16	Aslak Nyhammer	Hisarøyna 10	5966	Eivindvik

## Klage

Dersom du meiner at valstyret må gjere om på vedtak om å godkjenne/ forkaste eit listeforslag eller vedtak om innvilging/avslag på søknader om fritak, kan dette klagast på etter vallova § 6-8.

**Frist for innsending av klage er onsdag 27. mai 2015.**

Skriftleg klage sendast til:

Valstyre i Gulen kommune  
Eivindvikvegen 1119  
5966 Eivindvik



# **BYGDEMØTE**

## **om kommunereforma i Gulen**

Tre alternative modellar for Gulen frå år 2020 vert drøfta

- Vi er framleis ein eigen kommune, som no
- Vi er samanslått med Masfjorden (ev. andre randkommunar; Solund, Modalen, Høyanger (sør))
- Vi er ein del av Nordhordland kommune

Betyr kommune – og fylkesgrensene noko for deg?

Er det tryggast å ha det som no?

Eller krev framtida ein større kommune?

Har du synspunkt? Er du interessert i å høyre argumenta for og mot?

Ver med og diskuter framtida for Gulen!

Møt opp på bygdemøte:

**Brekke: onsdag 20. mai kl. 19.30 Risnehall**  
**Dalsøyra: torsdag 21. mai kl. 19.30 Samfunnshuset – matsalen**  
**Byrknes: tysdag 26. mai kl 19.30 Skulen – gymsalen**  
**Eivindvik: torsdag 28. mai kl 19.30 Kommunehuset - Gulasalen**

Arr: Styringsgruppa for kommunereformarbeidet i Gulen